

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med avfalls-løysingar for abonnentar og kundar; innsamling, tilrettelegging av sorteringsordningar, gjenvinning, energiutnytting og sluttbehandling av avfall. Me samarbeider òg med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen. IHM er sertifisert etter ISO-9001/14001 og OHSAS-18001.

# Driftsmedarbeidar

100% stilling (vikariat) 01.04.19 – 01.10.20

Me ser etter deg som trivst i ein travel arbeidsdag, er omgjengeleg, og som rettleiar publikum på ein trygg og god måte.

## Oppgåvene dine vert:

- Avfallsmottak, vektregistrering
- Rettleiing av publikum på sorteringsrampe
- Digital avvikshandsaming, journalføring og deklarerering
- Andre driftsoppgåver

## Kvalifikasjonar:

- Serviceinnstilt
- Evne til å arbeide sjølvstendig og i lag med andre
- Erfaring med praktisk arbeid og evne til å sjå løysingar
- IT-kompetanse
- Norsk munnleg og skriftleg, engelsk munnleg
- Førarkort kl B.
- Ynskjeleg med C1, truckførarbevis, maskinførarbevis

For oss er avfall ein viktig ressurs, og me ynskjer søkjarar med eit overordna miljøperspektiv.

Spørsmål om stillinga: kontakt arbeidsleiar  
Einar Skeie, tlf. 952 34 021

Søknad med attestar og vitnemål sender du til:  
ihm@ihm.no, eller til Indre Hordaland Miljøverk  
IKS, postboks 161, 5701 Voss innan 11.03.19.  
Merk søknad «Driftsmedarbeidar»